



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 17.06.2015  
Vår ref.: 2015/5376-14  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn av Bøvågen områdeplan - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 24. april 2015 om høyring av forslag til områderegulering for Bøvågen. Føremåla i planen føl arealbruken fastsatt i kommuneplanens arealdel. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 30. september 2013.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

Det er positivt at kommunen ser heilskapleg på tettstaden Bøvågen og ønskjer å bidra til god utvikling av den gjennom områdeplanlegging. Vi har følgjande merknader til planforslaget på høyring:

#### Planfaglege merknader

Vi saknar overordna informasjon som tettstaden i dag og kva endringar det vert regulert for; kor mange bur i tettstaden i dag og tal på elevar på skulen, tal på nye bueiningar, tal på nye naust med meir. Planframlegget opplyser ikkje tilfredsstillande om konkret kva som skal byggjast i planområdet. Det er difor vanskeleg å ta stilling til planen.

Områdeplanen legg til rette for utbygging utan vidare detaljregulering. Dette kan vere føremålstenleg, men det er da ein føresetnad at områdeplanen er detaljert tilstrekkeleg til at rammene for byggesøknader er ivaretatt. Bustadfelta er berre vist som flateregulering i plankartet. Spesielt bustadområda der det vert opna for konsentrert busetnad må detaljerast. Områdeplanen må legge rammar for lokalisering på tomt, tal på bustadeiningar, utforming og grønne mellomrom. Sjå nærare omtale av dette under pkt om Landskap, strandsone og friluftsliv.

Plankartet er utforma med nordpil på skrå, dette gjer plankartet vanskeleg å lese.

#### Areal og transport og senterstruktur

Radøy kommune har ein senterstruktur der berre kommunesenteret Manger er definert, men kommuneplanen seier også at det skal satsast på å *tilby "urbane" miljø fleire stader i kommunen*. Vi saknar at dimensjonering av tettstaden Bøvågen vert sett i samanheng med utviklinga i heile kommunen.

### Samferdsel, folkehelse og barn og unges interesser

Det er positivt at Radøy kommune ønskjer å betre trafikktilhøva på fylkesveg 409 som går gjennom Bøvågen. Ut frå både eit folkehelse- og trafikktryggleiksomsyn er det viktig at Radøy kommune gjennom områdeplanen satsar på å trygge tilhøva for mjuke trafikantar. Generelt bør det leggast til grunn at innanfor dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne bli utført med sykkel (3 km) i trygge omgjevnadar. Målpunkt for barn og unge skal kunne bli nådd med sykkel. Det er eit nasjonalt mål at 80 % av born og unge skal gå og sykle til skulen. Å bygge bustader i nærleiken av skule er eit godt utgangspunkt for å oppnå dette. Vidare er det avgjerande med trygge og attraktive skuleveggar, i form av tilrettelagte gang- og sykkelveggar og snarveggar. Planen legg opp til einssidig fortau som skal nyttast av både gåande og syklande, breidda på fortauet må dimensjonerast for dette. Det er positivt at planen legg opp til miljøprioritert gate, både langs fylkesvegen og på kommunal veg i sentrumsområdet. Vi saknar at planen konkretiserer kva dette inneber, både når det gjeld utforming av sjølve gata og overgangssoner til ordinær veg. Det må setjast av nok areal i plankart og opparbeiding må sikrast i rekkefølgeføresegnene.

I område for konsentrerte bustader – blokker skal det vere minimum 25 m<sup>2</sup> felles uteoppholdsareal per buening. Dette er eit minimumskrav tilpassa tette sentrumsområde, og er ikkje tilfredsstillande for bustadområde her.

Vi vurderer å tilrå motsegn av omsyn til trafikktryggleik og barn- og unges interesser.

### Sentrumsutvikling og arkitektur og estetikk


Fellesføresegnene stiller gode og tydelege generelle krav til utforming av tiltak. Vi saknar konkrete føresegnar når det gjeld sentrumsområdet. Innafor sentrumsføresmål bør det stillast høge krav til kvalitet på utforminga slik at nye bygg bidreg positivt til å skape eit attraktivt og samanhengande sentrum. I føresegnene står det at *det skal etablerast grøne lungar og gode uterom og at det skal etablerast kai i området som er tilrettelagt for ålmenn ferdsle, båtgjestar og uteservering*. Dette er veldig gode tiltak som må sikrast i planen gjennom kart og/ eller rekkefølgeføresegnar.

### Landskap, strandsone og friluftsliv

Planområdet ligg innafor landskapsområdet Kvolmosen-Austrevågen med stor verdi og det svært viktige regionale friluftsområdet Kvolmo-Byngja.



Landskapsområde Kvolmosen-Austrevågen



Regionalt friluftsområde Kvolmo-Byngja

Kva konsekvensar nye tiltak (bustader og naust) vil få for landskaps- og friluftslivområdet er ikkje gjort greie for i planen. Når bustadfelt berre er flaterregulert er det ikkje mogleg å sjå konsekvensane. Det er uklårt kor

mange nye naust og småbåtanlegg planen legg opp til, og planen sikrar ikkje ålmenn tilgjenge i småbåtanlegg- og naustområda.

Av omsyn til landskap, strandsone og friluftsliv vurderer vi å tilrå motsegn.

### **Kulturminne**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi har merknader knytt til planforslaget då det er i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

#### Kjende kulturminne

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Dette gjeld mellom anna mellomalderkyrkjegarden ved Hordabø kyrkje, Askeladden ID 84630-2, steinalderbuplass ID 149416 og skipsfunn ID 102426. Fylkeskommunen må og innhente fråsegn frå Riksantikvaren i høve mellomalderkyrkjegarden ved Hordabø kyrkje.

Automatisk freda kulturminne skal merkast i plankart og føresegner med omsynssone H730 og med ei større omsynssone H570 rundt for å sikre eit varig vern. Dette er mangelfullt i planen slik den ligg føre på offentleg ettersyn. Det er knytt motsegn til dette punktet.

I Radøy kommune, er mykje av dei gamle tun-, veg-, nærings- og eigedomsstrukturane i stor grad framleis lesbare. Kommunen har stor konsentrasjon av SEFRAK-registrerte bygningar og strukturar. Innafor områdeplan for Bøvågen er det mellom anna fleire verneverdige SEFRAK-registrerte bygningar, som bør takast vare på.

#### Krav om arkeologisk registrering

Det er stort potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø. Planen er no komme på offentleg ettersyn og som kulturminnemynde kan vi no krevje ei arkeologisk registrering på land for å oppfylle undersøkingsplikta jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Kostnadsoverslag er utarbeidd og vert sendt i eige brev for godkjenning.

Bergens Sjøfartsmuseum varsla ei marinarkeologisk registrering jf. kulturminnelova §§ 9 og 14 når planen var på oppstart. Dei har no utarbeidd eit maksimumsbudsjett for undersøkinga og understrekar at beløpet er ein maksimumspris og difor ikkje ei endeleg pris for undersøkinga. Museet har for tida moglegheit for å gjennomføre den marinarkeologiske undersøkinga på kort varsel. Kostnadsoverslag vert sendt i eige brev for godkjenning. Vi ber om at kostnadsoverslag vert godkjent skriftleg.

Jf. kulturminnelova § 9 har forvaltinga ei lovfesta tidsfrist på 3+1 månader etter at planen er lagt ut til offentleg ettersyn. Det må reknast tilstrekkelig tid til dei arkeologiske undersøkingane. For å gjennomføre arbeidet er vi avhengig av godkjent kostnadsoverslag og at vi har nok feltpersonell. Om arbeidet ikkje vert ferdig innafor lovfesta fristar vil vi be om forlanga frist for undersøkinga. Vi gjer og merksam på at dersom det vert gjort funn av nye automatisk freda kulturminne, og arealføremålet i planen er i konflikt med desse, kan fylkeskommunen fremje motsegn på grunnlag av dette.

#### Mellomalderkyrkjestaden

Mellomalderkyrkjestaden er ofte plasserte på sentrale og framtrekande stader i landskapet og bevisst forma som landemerke. Kyrkja stod plassert på stader med lang tradisjon for busetnad, og som religiøs og sosial samlingsstad. Forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar finst derfor vanlegvis i dei nærmaste omgjevnadene til desse kyrkjene. Kyrkjestaden og einskildelementa i dei nærmaste omgjevnadane har ofte stor verdi kvar for seg som kulturminne, og samla som kulturmiljø. Dette legg føringar for kva som kan akseptast av utbygging eller endringar i områ det.

Hordabø mellomalderkyrkje var truleg stavbygd og har vore bygd om i seinare tid. Ståande kyrkje er frå 1875 og erstatta den tidligare kyrkja. Kyrkjegarden er utvida mot nord og vest, og er framleis i bruk. Avgrensinga av mellomalderkyrkjestaden ligg under id.nr 84630 i Askeladden.

#### Riksantikvarens merknader og vurderingar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står derfor sterkt i lovverket. Hordabø kyrkjestad er ein mellomaldersk kyrkjestad. Det er derfor viktig å vurdere om tiltak i planen vil vere utilbørleg skjemma for det automatisk freda kulturminnet i området, jf. kulturminnelova § 3.

På plankartet er Hordabø kyrkjestad er merka med hensynssone c) og delar av eksisterande kyrkjestaden er frå mellomalderen. Vi oppmodar at mellomalderkyrkjestaden skal merkes av med hensynssone d) H730 slik at det går fram at kyrkjestaden er bandlagt etter kulturminnelova. Hensynssone c) kan leggjast omkring denne for vidare vern. Vi oppmodar og i føresegnene § 2.8. leggjest eit nytt avsnitt med følgjende føresegn:

#### § 2.8.4

*«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar. Innanfor Mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»*

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945, meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstillir vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T - 3/2000 frå daverande Miljøverndepartementet og Kirke - , utdannings - og forsknings - departementet.

I planen er det og merka av eit større område for parkering, PO2 og ligg sør for kyrkjestaden. Det er ikkje beskriven kva for eit tiltak som skal gjerast her og kvifor det er ønska å utvide. Området er knyta opp mot parkering og deler av område i nordaust er eksisterande parkeringsplass. Storleiken på område kan vera svært forstyrrende på kyrkjestaden, virke på opplevinga og gripe inn i landskapet på ein uheldig måte. Dersom det er behov for et større parkeringsareal, ønskjer vi at område formast på ein slik måte at det ikkje virke skjemma på kyrkjestaden. Eit eksempel er at det på området leggjast armert gras slik at det ikkje visast som et stort grått felt ved kyrkja. Det er viktig at ein tar tilstrekkeleg omsyn til den mellomalderske delen av kyrkjegarden. Vi ber kommunen gjere rede for det merka område i planen, eller ta det ut av områdeplanen.

Riksantikvaren har ikkje teke endeleg stilling til bustadområdet B K4 eller BF19. Ved ein eventuell utbygging av området må det være ein tett dialog mellom kulturminnestyresmaktene og kommunen om den konkrete utforminga av bustadfeltet, slik at det vert teke tilbørleg omsyn til kyrkjegarden frå mellomalderen og kyrkjestaden.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngevinga er omsynet til kulturminne, landskap, strandsone og friluftsliv, og trafikktryggleik og barn- og unges interesser.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
2. Utsett frist etter nærare avtale (Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4).

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Seksjon for kulturminnevern og museum

Inger Lena Gåsemyr, Fylkeskonservatoren, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest